

Studieprogramplan for grunnskulelærerutdanning trinn 5-10

Innleiing

Høgskulen på Vestlandet (HVL) sine grunnskulelærerutdanningar følger Forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning for trinn 5-10 fastsett av Kunnskapsdepartementet (KD) 07.06.2016, Rundskriv F-06-16: Forskrifter om rammeplaner for femårige grunnskulelærerutdanningar for 1-7 og 5-10 – rundskriv med merknader (KD 8.07.2016) og Nasjonale retningslinjer for grunnskulelærerutdanning trinn 5-10 (NRLU 1.09.2016). Masterutdanningane kvalifiserer for opptak til PhD-programmet "Studier av danning og didaktiske praksiser" ved HVL.

Høgskulen på Vestlandet har ein fagleg brei profil som tilbyr ei heilskapleg, integrert, profesjonsretta og forskingsbasert femåring grunnskulelærerutdanning for trinn 5-10. Utdanninga tilbyr masterstudium i ei lang rekke profesjonsretta lærerutdanningsfag med tverrfaglege tema sentralt plasserte i faga.

Samfunnet stiller store krav til lærarar, og regionane vil ha auka behov for lærarar med høg kompetanse. HVL møter desse krava og dette behovet ved å utdanne lærarar med mastergrad for grunnskulelærarutdanning for trinn 5-10 i grunnskulen. Utdanninga er profesjonsretta og tar utgangspunkt i læraren sitt arbeidsfelt og bygger på opplæringslova og gjeldande læreplanar for grunnskulen. I masterstudiet skal studenten skaffe seg kunnskap og innsikt gjennom undervisning og anna studiearbeid på høgskulen, bruke grunnskulen som læringsarena i praksisopplæringa, og i sitt eige refleksjonsarbeid bygge sin eigen lærarkompetanse. HVL skal styrke studenten sin kompetanse og ferdigheit til å virke i eit profesjonsfellesskap. Masterstudiet gir studenten solid pedagogisk, fagleg og didaktisk kompetanse, kvalifiserer for forskingsbasert yrkesutøving og for kontinuerleg profesjonell utvikling.

Fagstudia, praksisopplæringa og studenten sine refleksjonar skal danne ein heilskap og rettast mot dei oppgåvene studenten seinare vil møte i sitt daglege arbeid som lærar, og skal fremje personleg danning hos studenten. Høgskulen på Vestlandet vil styrke samarbeidet med praksisskulane og drive profesjonsretta FoU-arbeid med fokus på arbeidet i klasserommet.

Læringsutbytte

Etter fullført utdanning har kandidaten følgjande overordna læringsutbytte:

Kunnskap

Kandidaten

- har avansert kunnskap enten i eit valt undervisningsfag og fagets didaktikk eller i profesjonsretta pedagogikk/spesialpedagogikk
- har spesialisert innsikt i eit avgrensa fagområde (masteroppgåva)
- har brei profesjonsretta kunnskap i dei andre faga som inngår i utdanninga
- har inngåande kunnskap om relevant forskning og teori, og vitskapelege tenkemåtar, forskingsmetodar og etikk

- har inngående kunnskap om gjeldande lov- og planverk for grunnopplæringa, om samanhengen i utdanningsløpet barnetrinn til ungdomstrinn og om overgangen frå ungdomstrinn til vidaregåande opplæring
- har inngående kunnskap om vidareutvikling av grunnleggande ferdigheiter, vurderings- og prøvesystem, klasseleiing og vurdering av elevar si læring og kva som fremjar læring i faga
- har inngående kunnskap om læringsteori og barn og unge si utvikling, danning og læring i ulike sosiale, språklege og kulturelle kontekstar
- har kunnskap om barn og unge i vanskelege livssituasjonar, til dette høyrer kunnskap om mobbing, vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande lovverk og barn og unge sine rettar i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv
- har brei kunnskap om lærarprofesjonen, faga sin eigenart og historie, og forståing av skulen si utvikling som organisasjon, skulen sitt mandat, verdigrunnlag og plass i samfunnet

Ferdigheiter

Kandidaten

- kan undervise basert på forsking og erfaringskunnskap, åleine og saman med andre
- kan analysere, tilpasse og bruke gjeldande læreplanar
- kan sette i verk tidleg innsats og sikre progresjon i arbeid med elevar sine grunnleggande ferdigheiter og fag
- kan skape inkluderande og helsefremjande læringsmiljø som bidrar til gode faglege, sosiale og estetiske læringsprosessar
- kan analysere, vurdere og dokumentere elevar si læring, gi læringsfremjande tilbakemeldingar, tilpasse opplæringa til elevane sine føresetnader og behov, bruke varierte undervisningsmetodar og bidra til at elevane kan reflektere over eiga læring og utvikling
- kan vurdere og bruke relevante læremiddel, digitale verktøy og ressursar i opplæringa, og gi elevane opplæring i digitale ferdigheiter
- kan analysere og sjå kritisk på nasjonal og internasjonal forsking og bruke denne kunnskapen i profesjonsutøvinga
- kan åleine, og i samarbeid med andre, bruke relevante metodar frå forskings- og utviklingsarbeid, for kontinuerleg å utvikle eigen og skulen sin kollektive praksis, i tillegg til å gjennomføre avgrensa forskingsprosjekt under rettleiing.
- kan identifisere teikn på mobbing, og raskt sette i verk naudsynte tiltak og etablere samarbeid med relevante faginstansar.
- kan identifisere teikn på vald eller seksuelle overgrep og kjenne til korleis nødvendige tiltak skal iverksetjast.

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan styrke internasjonale og fleirkulturelle perspektiv ved skulen sitt arbeid, bidra til forståing av samane sin status som urfolk og stimulere til demokratisk deltaking og berekraftig utvikling
- kan initiere og ivareta eit godt skule–heim-samarbeid, og samarbeide med andre aktørar som er relevante for skulen si verksemd
- meistarar norsk munnleg og skriftleg, både bokmål og nynorsk, og kan nytte språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamheng
- kan på eit avansert nivå formidle og kommunisere om faglege problemstillingar knytt til profesjonsutøvinga og har profesjonsfagleg digital kompetanse

- kan analysere og vurdere relevante faglege og etiske problemstillingar og bidra til utvikling av fagleg fellesskap på den ein skilde skule
- kan bidra i innovasjonsprosessar knytt til skulen si verksemd og legge til rette for at lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv vert involvert i opplæringa.

Innhald

Innhaldet i studiet kjem fram i studieprogramplanen og emneplanane for fag og praksis. Grunnskulelærerutdanninga trinn 5-10 er ei 5-årig integrert, forskningsbasert og praksisnær profesjonsutdanning. Utdanninga har ein tydeleg masterprofil og stiller høge krav til ¹forskning - og utviklingsarbeid. Grunnskulen skal utdanne eleven for livet og utvikle kompetanse for samfunnet. Læraren sine kunnskapar, haldningar og handlingar har mykje å seie for elevane si læring og sosiale utvikling. Lærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet vil utdanne fagleg sterke og profesjonelle lærarar med kompetanse på masternivå. Gjennom studiet får studenten høve til å utvikle seg til ein profesjonell lærar gjennom samhandling og refleksjon saman med dyktige og kvalifiserte fagpersonar og medstudentar på campus og i praksis. Integrasjon og heilskap i utdanninga vert i programmet fremja ved at lærarutdanningsfaga, vitskapsteori og metode og praksis er fordelt over semester og studieår på ein slik måte at studenten erfarer heilskap og progresjon i utdanninga. Profesjonsrettinga vert realisert i faga og i samspelet mellom fag og praksis. Studiet inneheld profesjonsfaglege og fagovergripande tema som er knytt til fag og praksis.

Tverrfaglege tema som inngår i utdanninga

For at lærarar skal vere kvalifiserte til å utføre omfattande og samansette oppgåver sjølvstendig og i samarbeid med andre, tar utdanninga hand om fleire sentrale perspektiv og tverrfaglege tema. Utdanninga skal sikre progresjon, og for nokre tema vert dette illustrert gjennom ei progresjonstrapp (fig. 1). Dei ein skilde faga har ei særskilt rolle med å ta seg av innhaldskomponentar i temaa i sine emneplanar og i si undervisning.

Dei tverrfaglege temaa grunnleggande ferdigheiter, tilpassa opplæring og vurdering går inn i alle fag og plan for praksis. Korleis det ein skilde faget arbeider med desse temaa går fram av emneplanane og vert utdjupa og presisert i undervisnings-/semesterplanar. Desse er illustrert som ei pil i progresjonstrappa (fig. 1).

Praksisopplæring, FoU og profesjonsfagleg digital kompetanse er tverrfaglege tema som går inn i alle fag og der progresjonen er sikra gjennom progresjonstrappa (fig 1). Dei fagovergripande temaa er tatt med i progresjonstrappa og er plasserte med eitt eller fleire tema på ulike år gjennom det femårige masterløpet (fig 1).

Progresjonstrappa visualiserer progresjonen innan sentrale område: Praksisopplæring, FoU, profesjonsfagleg digital kompetanse og fagovergripande tema. Innhald under overskriftene vil bli utdjupa i faga sine emneplanar eventuelt i eigne handlingsplanar eller tverrfaglege undervisningsopplegg. Sjå omtale av desse temaa under illustrasjonen. Det ein skilde temaet må sjåast i samheng med profesjonsretting i undervisningsfag, praksis og pedagogikk og elevkunnskap.

¹ §1-3 UH-loven: «Forskning og faglig og kunstnerisk utviklingsarbeid»

Kommunikasjonsferdigheter kan sjåast i samanheng med fleire tema i progresjonstrappa. Kvart tema er nærare skildra i programplanen.




Fig. 1. Progresjonstrapp

Tilpassa opplæring

Studenten skal etter fullført utdanning ha kunnskap om tilpassa opplæring. Retten til tilpassa opplæring er forankra i opplæringslova og dreier seg både om tilpassa ordinær undervisning og spesialundervisning. Kunnskap om lovverk er sentralt. Tilpassa opplæring er kjenneteikna av variasjon, for eksempel gjennom arbeidsoppgåver, lærestoff, intensitet i opplæringa, organisering av opplæringa, læremiddel og arbeidsmåtar. Opplæringa skal tilpassast den einkilde elev sine evner og føresetnader og utdanninga må sikre at studenten tileignar seg kompetanse i å tilpasse opplæringa til mangfaldet i elevgruppa. Inkludert i dette er kunnskap om elevar sin rett til fritak frå læreplanen som medfører utvikling av individuelle opplæringsmål.

Vurdering

Studenten skal etter fullført utdanning kunne utvikle og kommunisere tydelege mål for opplæringa, vurdere elevane sitt læringsutbytte, gi elevane fagleg relevante tilbakemeldingar og legge til rette for elevane sine eigenvurderingar. Alle fag i grunnskulelærerutdanninga skal gi opplæring i å analysere og vurdere elevane sine læringsprosessar og resultat, og i å gi tilbakemeldingar som støttar deira læring. Studenten må også forstå og kunne bruke resultat frå ulike prøvar, kartleggingsverktøy og kvalitetsvurderingsystem i oppfølginga av elevane si læring og utvikling.

Grunnleggande ferdigheiter

Dei grunnleggande ferdigheitene å kunne lese, skrive, rekne og bruke munnlege og digitale ferdigheiter er både ein føresetnad for utvikling av fagkunnskap og ein del av fagkompetansen i alle fag. Kvart einskild fag har ansvar for at studenten får kunnskap om korleis ein kan arbeide med elevane si utvikling av dei grunnleggande ferdigheitene. Utdanninga skal fremje utvikling av elevane sine grunnleggande ferdigheiter på faga sine premisser. Skal elevane i skulen utvikle sine grunnleggande ferdigheiter, må lærarane ha tilstrekkeleg fagleg kompetanse på desse områda og sjå dette som si oppgåve gjennom heile grunnopplæringa.

Praksisopplæring

Høgskulen på Vestlandet tilbyr ei heilskapleg og samanhengande 5-årig lærarutdanning med master. I utdanninga vert det lagt stor vekt på å knyte teori og praksis saman for å utvikle studenten sin læraridentitet. I emneplanane for praksis skildrar læringsutbytteformuleringane tydelege krav til progresjon i studenten sin profesjonskunnskap for kvart av studieåra. Frå å ha ei rolle som observatør i starten, skal studenten gradvis kunne ta eit stadig større ansvar for planlegging og gjennomføring av undervisning. Samstundes må studenten gjennom alle fem åra få høve til å utvikle eit stadig meir avansert, analytisk og reflektert forhold til eiga utvikling og til det å vere lærar. Danning, i tydinga kritisk refleksjon og profesjonsforståing, vil slik sett stå sentralt i studenten si utvikling og arbeid knytt til praksisopplæring i alle dei fem studieåra. Gjennomgåande vil praksisopplæringa legge opp til prosessar der studenten skal gjere greie for eigne val med omsyn til planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning og læring. Utvikling av studenten sin forskings- og utviklingskompetanse er også ein del av praksisopplæringa. Masterfaget i samarbeid med pedagogikk og elevkunnskap har eit særleg ansvar for å ivareta den integrerte profesjonsutdanninga på høgare nivå og for å følge opp studenten sitt forskingsbaserte praksisstudium. I syklus 2 vil det vere fokus på å utvikle meir inngåande kunnskap om læreprosessar, lærararbeid og forskings- og utviklingsarbeid. Med bakgrunn i teori og eksisterande forskning skal studenten utvikle evne til å analysere eige og andre lærarar si undervisnings-, forskings- og utviklingsverksemd. Like eins skal studenten utvikle evne til å analysere læringsarbeidet til eit mangfald av elevar med ulik bakgrunn og føresetnader. I praksis skal ein kunne gjere bruk av eigne og andre sine analysar med sikte på å gjere endringar til beste for eleven si faglege og sosiale utvikling. Praksis vert nærare omtala i programplanen side 12.

FOU i studieløpet

Grunnskulelærarutdanninga ved HVL er forskingsbasert og studenten skal utvikle forskings- og utviklingskompetanse (FoU) gjennom syklus 1 og syklus 2. Studenten skal etter fullført utdanning ha inngåande kunnskap om nasjonalt og internasjonalt FoU-arbeid med relevans for lærarprofesjonen slik at han/ho som lærar kan ta i bruk ny kunnskap og vidareutvikle både seg sjølve, profesjonen og arbeidsplassen sin etter fullført utdanning. I grunnskulelærarutdanninga ved HVL er det lagt inn ein progresjon i utviklinga av studenten sin FoU-kompetanse. Studenten vert introdusert for vitskapsteori og metode første året i utdanninga og både vitskapsteoretiske tema og undervisning i ulike metodar har ein progresjon gjennom heile studiet. For å sikre god progresjon og høg kompetanse i FoU skal studenten ved HVL møte varierte arbeidsmåtar, tilnærmingar og innhald i utdanninga. FoU-kompetanse skal utviklast både på høgskulen og i praksisfeltet i samarbeid mellom pedagogikk og elevkunnskap (PEL) og undervisningsfag. Arbeid med FoU blir såleis integrert og gjennomgåande i det femårige masterløpet. Studenten si FoU-oppgåve og/eller masteroppgåve kan knytast både til prosjekt innanfor HVL sine forskargrupper, til eit sjølvstendig forskingsarbeid eller til utviklingsarbeid i skulen. Masteroppgåva ved HVL er profesjonsretta og praksisorientert. Arbeidet med masteroppgåva er det siste steget i kompetanseutviklinga på FoU-området, og både

arbeidsprosessen, kommunikasjonen om faglege problemstillingar og sjølve FoU-produktet er viktige komponentar i studenten si læring. (Sjå også Forskingsforankring nedanfor).

Kommunikasjonsferdigheiter

Utvikling av kommunikasjonsferdigheiter heng tett saman med temaa i progresjonstrappa. Når det gjeld FoU-kompetanse er utviklinga av kommunikasjonsferdigheiter fletta saman med innføring i vitskapsteori og metode og med ei innføring i akademisk skriving og lesing. Ved å legge vekt på koplingar mellom akademisk tenkemåte og akademisk kommunikasjon vil ein lettare kaste lys over samanhengar mellom språk og handling i vitskaplege samanhengar. Vidare i studiet er lesing, skriving og formidling knytt til utvikling av den kritiske refleksjonen, og den vert knytt tettare på skriftarbeidet fram mot FoU-oppgåva i 3. året. Både munnleg og skriftleg kommunikasjon er bygt inn via krav til munnleg presentasjon av både FoU-oppgåva og masteroppgåva. Styrking av det internasjonale perspektivet og utveksling vil gi studenten høve til å utvikle kommunikative ferdigheiter på fleire språk og i ulike kulturar.

Skriftlege kommunikasjonsferdigheiter, bokmål og nynorsk, vert sikra gjennom ei obligatorisk prøve for dei som ikkje har valt undervisningsfaget norsk. Denne må vere greidd for å få godkjend vitnemål.

Ein annan viktig innfallsvinkel til kommunikasjon vert knytt til profesjonskompetanse. Profesjonelle kommunikasjonsferdigheiter er avgjerande for god samhandling mellom lærar og elev, føresette, kollegaer og eksterne samarbeidspartar. Utvikling av gode kommunikasjonsferdigheiter er vidare tett knytt til kontaktlærarrolla. Utvikling av slike kommunikasjonsferdigheiter vil bli utvikla gjennom studiet. Progresjonen på dette området er mellom anna ein del av praksisopplæringa.

Profesjonsfagleg digital kompetanse

IKT er knytt til arbeid med alle fag i utdanninga. Sentralt i IKT er omgrepet profesjonsfagleg digital kompetanse (PfdK). Dette kan skildrast som kunnskap om, haldningar til og ferdigheiter i bruk av digitale verktøy, medium og ressursar på ein forsvarleg og føremålstenleg måte. Ein del av PfdK er den faglege og fagdidaktiske digitale kompetansen som omfattar lærarens evne til å integrere digital kompetanse og bruke digitale verktøy, medium og ressursar i læringsprosessar. Området omfattar også kompetanse om korleis teknologiutviklinga påverkar faginnhald og arbeidsformer i ulike fag -og kompetanseområde, i tillegg til evne til å utvikle elevane sin digitale kompetanse. PfdK skal også gi studenten kunnskap om skulerelaterte fagområde og korleis læraren kan nytta sin digitale kompetanse i arbeidsoppgåver som ikkje er direkte knytt til undervisningspraksis. Progresjon og innhald er sett i samheng med emneplanar i fag og praksis og går fram av progresjonstrappa.

Fagovergripande tema

Dei fagovergripande temaa er psykososialt læringsmiljø, vald og seksuelle overgrep, det fleirkulturelle samfunnet, medborgarskap, samiske forhold og samiske elevar sine rettar, berekraftig utvikling, estetiske læreprosessar og profesjonsetikk. Desse temaa er tatt vare på gjennom studieløpet og er visualisert i progresjonstrappa. Det vert knytt arbeidskrav til nokre av dei fagovergripande temaa. Desse arbeidskrava vil stå i emneplanane. Det kan vere ulike fagmiljø eller forskargrupper som får ansvar for dei ulike temaa, med utgangspunkt i særleg kompetanse på området. Temadagar med eit profesjonsfagleg innhald og danningperspektiv på tvers av fag, klassar og trinn i grunnskulelærarutdanninga vil kunne gi utdanninga heilskap og integrering på fleire nivå. Internasjonalisering og det internasjonale perspektivet i utdanninga kan koplast tett til fleire av dei fagovergripande temaa.

Psykososialt læringsmiljø

Utdanninga skal sikre at studenten får den ferdigheita, kunnskapen og kompetansen som ein lærar må ha for å skape eit trygt psykososialt læringsmiljø og førebygge og handtere krenkingar, mobbing, trakassering og diskriminering. Utdanninga må gi studenten kunnskap og kompetanse til å møte ulike likestillingsutfordringar i skulen. Studenten skal kunne utøve eit normkritisk perspektiv og ha auge for elevane si psykiske helse og psykososiale risikofaktorar i skulekvardagen. På bakgrunn av faglege vurderingar skal studenten raskt kunne setje i verk nødvendige tiltak og kunne etablere samarbeid med relevante faginstansar. Psykososialt læringsmiljø kan sjåast i samanheng med tema i plan for praksis 2. studieår "Læraren i møte med elevmangfald" og "Tilpassa opplæring" i PEL 2. studieår. Progresjonen kjem fram i progresjonstrappa for fagovergripande tema og har fått plass i trappa på 2. og 4. trinn.

Vald og seksuelle overgrep

Utdanninga skal sikre at studenten har kunnskap om barn og unge i vanskelege livssituasjonar inkludert vald og seksuelle overgrep mot barn. Studenten skal ha kunnskap om og kunne identifisere teikn på vald eller seksuelle overgrep og kjenne til korleis nødvendige tiltak skal iverksetjast. Temaet skal også koplant til praksis. Vald og seksuelle overgrep har plass 2. og 4. studieår i progresjonstrappa.

Det fleirkulturelle samfunnet

Det fleirkulturelle samfunnet stiller krav til læraren sin kompetanse om mangfald og interkulturell forståing. Internasjonalisering av samfunns- og arbeidsliv føreset språk- og kulturkunnskap og internasjonale erfaringar. Studenten må ha kunnskap om og forståing av det fleirkulturelle samfunnet. Det inneber mellom anna å vere merksam på kulturelle forskjellar og å kunne bruke desse som ein positiv ressurs. Etnisk, kulturelt og religiøst mangfald er ein del av skulekvardagen i dei fleste norske skular. Kunnskap om menneskerettane og om urfolk sine rettar er sentralt i denne samanhengen. Grunnskulelærerutdanninga skal fremje internasjonalt samarbeid og solidaritet for å oppnå berekraftig utvikling og sosial utjamning. Det fleirkulturelle samfunnet er eit fagovergripande tema som er plassert 2. og 3. studieår i progresjonstrappa.

Medborgarskap

Medborgarskap handlar om å leve saman i fellesskap, fremje forståing for ulikskap i kultur og verdiar. Å utvikle demokratisk medborgarskap har mykje å seie for utvikling av eit godt psykososialt miljø. Studenten treng kunnskap om korleis undervisninga kan legge til rette for utvikling av elevane sine haldningar og handlingar. Kunnskap og kompetanse om elevmedverknad og elevansvar i skulekvardagen kan fremje medborgarskap ved at elevane bidrar, deltar og samhandlar i skulekvardagen. Medborgarskap er eit fagovergripande tema som er plassert 1. studieår i progresjonstrappa.

Samiske forhold og samiske elevar sine rettar

Utdanninga skal kvalifisere studenten for å ta hand om opplæringa om samiske forhold, samiske born sine rettar og det samiske folket som anerkjent urfolk. Samisk kultur og samfunnsliv er ein viktig del av den felles kulturarven. Opplæring for samiske elevar står i ei særstilling i norsk grunnopplæring. Studenten må derfor få kunnskap om det samiske innhaldet i dei nasjonale læreplanane for grunnopplæringa og om samiske elevar sine rettar. Samiske forhold og samiske elevar sine rettar er plassert 2. studieåret i progresjonstrappa.

Berekraftig utvikling

Utdanninga skal kvalifisere studenten til å ta hand om utdanning for berekraftig utvikling som eit tverrfagleg tema. Utdanninga skal gi forskingsbasert kunnskap om klima, miljø og utvikling og kompetanse i å støtte elevane si læring om, haldning til og handling for ei berekraftig utvikling. Å ta miljøbevisste val er å ta eit aktivt ansvar for fellesskapet og framtida på kloden. Berekraftig utvikling har plass 3. studieåret i progresjonstrappa.

Estetiske læreprosessar

Studenten skal øve opp kreativitet, evne til å skape, samhandle, reflektere og kommunisere. Dette skal dei blant anna gjere ved hjelp av estetiske verkemiddel og verktøy. Gjennom grunnskulelærerutdanninga skal studenten sjølv få erfaring med estetiske læreprosessar saman med medstudentar og elevar. Studenten skal kunne legge til rette for elevane si kreative læring gjennom ulike estetiske uttrykk, formidling og framføringar som er med på å utvikle sjølvkjensle og identitet hos elevane. Estetiske læreprosessar er plassert 1. og 3. studieår i progresjonstrappa.

Profesjonsetikk

Den profesjonelle læraren veit heile tida og i ulike situasjonar kva etiske normer og prinsipp som gjeld når ein skal utøve lærarprofesjonen. Kjernen i lærarprofesjonen sin integritet er etisk medvit, fagleg dugleik og eit engasjement for undervisning av barn og unge. Dette er avgjerande for å skape gode vilkår for læring, leik og danning. Når ein utøver lærarprofesjonen, må ein ta ansvar for sine pedagogiske og faglege val også dei som er tufta på skjønn. Samfunnet må ha tryggleik for at læraren handlar etisk forsvarleg. Temaet er mellom anna sett i samanheng med lærarrolla og den forskande læraren og er plassert i progresjonstrappa 1. og 5. studieår.

Forskningsforankring

All undervisning i den femårige grunnskulelærerutdanninga er forskings- og utviklingsbasert. Dette vert sikra gjennom den faglege kompetansen til dei som underviser, og gjennom val av undervisningsmåte, pensumlitteratur, arbeidskrav og vurderingsform. Alle emneplanar er bygt opp med dette som utgangspunkt, og oppdatering og kontinuerleg utvikling sikrar at studiet held seg oppdatert. Kritisk og sjølvstendig tenking er ein sentral del av all læringsaktivitet, og studenten si evne til å opptre sjølvstendig som reflektert og kunnskapsrik profesjonsutøvar vert øvd opp på fleire måtar. Studenten sitt sjølvstende innanfor FoU-arbeid er sikra gjennom FoU-trappa, der studenten startar med ei orienterande tilnærming til fagstoffet, og held fram med ein tydeleg progresjon i både forskingsmetode og i vitskapsteori. Gjennom rettleia FoU-arbeid og ulike former for akademisk skriving utviklar studenten seg til å bli reflekterande deltakarar i kunnskapsproduksjon innanfor sin profesjon i løpet av dei fem studieåra.

Masteroppgåve

Masteroppgåve er lagt til 5. studieår og har eit omfang på 45 studiepoeng. Vitskapsteori og metode utgjer grunnlaget for studenten sitt arbeid med masteroppgåve. Oppgåve skal vere profesjonsretta og praksisorientert.

Masteroppgåve i undervisningsfag skal ha solid forankring i fag og fagdidaktikk, og kan i tillegg omfatte element frå pedagogikk og spesialpedagogikk. Masteroppgåve i profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk skal vere orientert mot arbeid i klasserommet og bør knytast til undervisning og læring i fag. Masteroppgåve skal vere eit sjølvstendig og forskingsbasert skriftleg arbeid der

studenten formulerer og svarar på ei valt problemstilling. Læringsutbytta for masteroppgåva går fram av eigen emneplan i masterfaga. Det skal utviklast eigne retningslinjer for arbeid med masteroppgåva ved HVL.

Eit viktig element er koplinga til forskargrupper ved Høgskulen på Vestlandet. Forskargrupper er eit viktige forum for FoU-verksemd og er arenaer for utvikling og gjennomføring av små og store prosjekt, kompetanseheving, felles diskusjon og drøfting, så vel som utforskning av nye tema. Det vert lagt til rette for at studenten kan delta aktivt i FoU-verksemda og gjennom dette få utvikle sin eigen FoU-kompetanse mellom anna gjennom masteroppgåva.

FoU-oppgåve

FoU-oppgåva er lagt til 3. år i studiet og har eit omfang tilsvarande 7,5 studiepoeng. Oppgåva blir skriven i samarbeid mellom eit av undervisningsfaga og pedagogikk og elevkunnskap. Oppgåva skal vere profesjonsretta og knytast til arbeid i klasserommet eller andre sider ved skulen si verksemd. Samarbeid mellom pedagogikk og elevkunnskap og undervisningsfaga vert sikra gjennom fellesrettleiing av oppgåva, som vert organisert i kombinasjon med grupperettleiing og individuell rettleiing.

FoU-oppgåva skal vere eit sjølvstendig og forskingsbasert skriftleg arbeid der studenten skal formulere og svare på ei valt problemstilling. Føremålet med oppgåva er å gi ei samanhengande framstilling over eit sentralt spørsmål som studenten vil møte i profesjonsutøvinga. Gjennom FoU-oppgåva skal studenten vidareutvikle eigne ferdigheiter i akademisk skrivning, kunne analysere relevant forskning og kunne analysere og formidle eit samansett fagstoff/datamateriale på ein overtydande måte.

Læringsutbytta for FOU-oppgåva er skildra i emneplanane. Oppgåva må vere greidd før studenten kan begynne på masteroppgåva. For studentar som reiser på utveksling vårsemesteret i 3. år, der FoU-oppgåva er lagt, vil eit sjølvstendig skriftleg arbeid på utvekslingsinstitusjonen bli godkjent som FoU-oppgåve. Oppgåvene må inngå i dei emna som er godkjende på førehand, og må minimum ha eit omfang tilsvarande 5 studiepoeng

Organisering

Grunnskulelærerutdanning trinn 5-10 med master har eit omfang på 300 studiepoeng over fem år (heiltid) og inkluderer 110 dagar rettleia praksis og 5 dagar observasjonspraksis. Den obligatoriske delen av utdanninga er på 60 studiepoeng og 240 studiepoeng til val av fag. Faget Pedagogikk og elevkunnskap på 60 studiepoeng er obligatorisk. Alle studentar skal ha minst 60 studiepoeng i to undervisningsfag. Studenten kan velje 3 undervisningsfag, eller 2 undervisningsfag og eit skulerelevant fag på 30 studiepoeng (kan også vera profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk). Masterfaget er eit av undervisningsfaga, profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk

1.- 3. studieår:

- 5 dagar observasjonspraksis
- 80 dagar praksis som er rettleia og vurdert
- Pedagogikk og elevkunnskap, 30 studiepoeng
- Valt undervisningsfag 1, del 1, 30 studiepoeng

- Valt undervisningsfag 2, 60 studiepoeng
- Semester 5:
 - Fag 3: Nytt undervisningsfag eller skulerelevant fag, 30 studiepoeng eller
 - Profesjonspedagogikk eller spesialpedagogikk, 30 studiepoeng
- Semester 6:
 - Undervisningsfag, del 2, 30 studiepoeng

Masterfaget dei 3 første åra kan vere:

- Undervisningsfag, 60 studiepoeng, eller
- Profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk, 30 studiepoeng, som saman med pedagogikk og elevkunnskap utgjør 60 studiepoeng i 1.-3- år)

4. - 5. studieår:

- Minst 30 dagar praksis i grunnskule, rettleia, variert og vurdert
- Pedagogikk og elevkunnskap 30 studiepoeng
- Undervisningsfag som masterfag, 90 studiepoeng eller
- Profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk som masterfag, 60 studiepoeng, og undervisningsfag 30 studiepoeng, som bygger på 60 studiepoeng i 1.-3. år.

Kvart emne er på 15 studiepoeng med unntak av masteroppgåva som er på 45 studiepoeng.

Ressursbank

Det vert oppretta ein ressursbank som skal nyttast til fagovergripande tema. Kvart emne på 15 studiepoeng bidrar til ressursbanken med 1/15 av ressursane i emnet. Studieprogramansvarleg har ansvar for ressursbanken. Progresjonstrappa viser kva tema som skal ha fokus kvart studieår.

Studiemodell for GLU trinn 5-10

Modellen viser kvar i løpet dei obligatoriske og valfrie faga går. Kva fag som blir tilbydd som fag 1, fag 2 og fag 3 er avhengig av kva campus studenten går på og kan variere frå år til år.

GLU		
-----	--	--

5-10	Haust		Vår	
5. år	PEL	Masteroppgåve		
4. år	Masterfag	Masterfag	Masterfag	PEL
3. år	Fag 3 a. Undervisningsfag b. Skulerelevant fag Spesialpedagogikk Profesjonsretta pedagogikk Utveksling		Fag 1/3a, del 2 FoU-oppgåve Internasjonalisering/utveksling masterfag	
2. år	Fag 2	Fag 2	PEL	Fag 1
1. år	PEL	Fag 1	Fag 2	Fag2

Tab. 1. Studiemodell

Fag 1, fag 2 og PEL går dei to første åra. Fag 1 og 2 er faga studenten skal ha utover det obligatoriske faget PEL. Hausten tredje år kan vere nye undervisningsfag eller skulerelevante fag på 30 studiepoeng. Det kan også vere spesialpedagogikk eller profesjonsretta pedagogikk som saman med PEL dei to første åra gir grunnlag for vidare masterstudium fjerde og femte året. Vårsemesteret tredje år vil vere del to av fag 1 som dannar grunnlag for vidare masterstudium fjerde og femte året. FoU-oppgåva er lagt til dette semesteret. Dei nye forskriftene stiller høgare krav til internasjonalisering. Det er lagt sterkt fokus på internasjonalisering ved å legge utveksling til eit vårsemester og ved å knyte det direkte til fag 1 som for mange vil vera eit masterfag. I modellen er det lagt til 6. semester. I dette semesteret er det ei forventning om at faga legg til rette for utveksling. Det vil også vere høve til utveksling i andre fag og andre semester. I tillegg opnar modellen opp for utveksling i masterfaget i syklus 2.

Det blir i modellen lagt vekt på forskrifta si vektlegging av heilskap, integrasjon og samanheng mellom fag, fagdidaktikk, PEL og praksisstudium. I modellane kjem dette mellom anna fram gjennom plassering av PEL i åttande og niande semester (sjå tab. 1). Praksisorganiseringa blir omtalt under overskrifta praksis.

Organiseringa av dei tverrfaglege temaa går fram av progresjonstrappa. Praksisopplæring, FOU-kompetanse, profesjonsretta digital kompetanse og fagovergripande tema er plasserte med progresjon gjennom den 5-årige utdanninga. Dei tverrfaglege temaa; vurdering, tilpassa opplæring og grunnleggjande ferdigheiter er spesifiserte i dei einsskildede faga sine emneplanar.

Faga i utdanninga og masterfag

Høgskulen på Vestlandet tilbyr integrert masterutdanning i undervisningsfag og pedagogiske fag. Mange ulike fag kan inngå i HVL si Grunnskulelærerutdanning 5-10, og tilbodet vil variere mellom studiestadane og det kan variere frå år til år (basert på mellom anna studentane sine val). Dei nasjonale retningslinjene beskriv innhaldet i faga, og desse er referert som Vedlegg 1. HVL sine emneplanar gjev meir detaljert informasjon om dei ulike delane av faget.

På syklus 2 har Høgskulen på Vestlandet fått godkjenning for mastertilbod i følgjande fag: Matematikk, Norsk, Engelsk, Samfunnsfag, KRLE, Mat og helse, Musikk, Kunst og handverk, Naturfag, Kroppsøving, Profesjonsretta pedagogikk og spesialpedagogikk.

Skulerelevante fag

Med skulerelevante fag meiner ein fag som er relevante for undervisning i grunnskulen. Faget skal vere retta mot funksjonar og oppgåver i grunnskulen. Tilbodet kan variere frå år til år og frå campus til campus.

Campusovergripande studietilbod

Modellen opnar for campusovergripande studietilbod i dei nye grunnskulelærerutdanningane. Høgskulen på Vestlandet tek sikte på å utforske dette potensialet og då kan 3.studieår vere særleg aktuelt. Avhengig av erfaringane, kan denne måten å organisere og gjennomføre studieløpet vidareutviklast.

Praksis

Praksisstudiet er ein integrert del av alle faga i utdanninga. Heilskap og integrasjon i ei profesjonsretta grunnskulelærerutdanning viser samheng i lærarutdanningsfaga, praksis og FoU-arbeid. Progresjonen i praksis går fram av progresjonstrappa og er sett i samheng med andre tema i trappa (sjå fig 1).

Praksisstudiet er ein arena for systematisk læring og øving der lærarutdannarar ved praksisskulane og høgskulen i samarbeid legg til rette for øvingssituasjonar og rettleiing. Nærleik og samheng i grunnskulelærerutdanninga føreset nært samarbeid for å skape samheng mellom teori og praksis. Det er derfor fleire formaliserte samarbeidsarenaer mellom høgskulen og praksisskulane i samband med praksisstudiet. Lærarutdannarar ved høgskulen og praksisskulen er likeverdige partnarar, men med ulike ansvarsområde for studenten si profesjonsutvikling. Alle aktørane som er involverte i praksisopplæringa, har eit ansvar for å bidra til at målsetjingane for praksis vert oppfylte. Aktørane skal setje seg inn i retningslinjene for praksis og aktuelle emneplanar for dei einskilde praksisperiodane.

For grunnskulelærerutdanninga trinn 5-10 vil det bli utarbeidd eigen plan for praksis. Planen vil innehalde nærare skildring av organisering av praksis, praksisoppfølging og avtaleverk om samarbeidet mellom lærarutdanningsinstitusjonen og praksisskular, jamfør Nasjonale retningslinjer trinn 5-10, punkt 3.7.

Modell for praksisorganisering

Praksisstudiet består av 110 dagar rettleia, variert og vurdert praksis og 5 dagar observasjonspraksis. Praksisopplæringa følger nasjonale retningslinjer med 5 dagar observasjonspraksis og 80 dagar rettleia, variert og vurdert praksis i syklus 1 og 30 dagar rettleia, variert og vurdert praksis i syklus 2. Studentar kan søke om inntil fem dagar praksis i vidaregåande skule. Studiemodellen og modell for praksisorganisering opnar for praksis i utlandet.

Normalmodellen viser fordeling av praksisdagar på år og semester (Tab. 2). All praksis er rettleia, variert og vurdert med unntak av observasjonspraksis. Modellen opnar for ein viss fleksibilitet i syklus 2 når det gjeld plassering av praksisdagar.

ÅR	Haust	Vår
5.år	10 dagar ordinær praksis eller 10 dagar punktpraksis	
4. år		20 dagar ordinær praksis (kan knytast til skuleovertaking)
3.år	15 dagar ordinær praksis eller 5 dagar ordinær + 10 dagar punktpraksis	10 dagar ordinær praksis
2.år	15 dagar totalt: 2 dagar observasjonspraksis 13 dagar ordinær praksis	15 dagar ordinær praksis
1.år	15 dagar totalt: 2 dagar observasjonspraksis 13 dagar ordinær praksis	15 dagar totalt: 1 dag observasjonspraksis 14 dagar ordinær praksis

Tab. 2 Normalmodell for praksisorganisering

Innhald i praksisstudium

Syklus 1 (1. -3. år)

Første studieår er hovudtemaet for praksisopplæringa lærarrolla. Hovudtemaet i andre studieår er eleven, elevmangfaldet og elevane sitt møte med skule og fag. Studenten arbeider vidare med tema frå første studieår. Tredje studieår vil studenten arbeide vidare med hovudtema frå første og andre studieår. Eit nytt hovudtema for praksisopplæringa er skulen som organisasjon og det profesjonelle fellesskapet.

Hovudtema:

- Utvikling av eigen læraridentitet og relasjonskompetanse
- Lærararbeidet i møte med det fleirkulturelle klasserommet
- Læringsleiing/klasseleiing
- Planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisning
- Tilpassa opplæring og læringsfremjande vurdering
- Skulen som organisasjon og samarbeid med andre institusjonar
- Kontaktlærarrolla

Syklus 2 (4. - 5. år)

Dei to siste studieåra skal studenten vidareutvikle lærarkompetansen sin. Hovudtema på fjerde og femte studieår vil vere ei vidareføring av hovudtema frå syklus 1. I tillegg vil forskning- og utviklingsarbeid som omfattar faglege vurderingar, analyse og refleksjon stå i fokus. Praksisstudiet skal i syklus 2 gi ein meir inngåande kunnskap om læreprosessar, læraren si tilrettelegging for læring av fag og forskings- og utviklingsarbeid.

Hovudtema:

- Læringsleiing og djupare forståing av elevmangfald
- Forskings- og utviklingsarbeid relatert til skulen
- Utvikling av endringskompetanse
- Den profesjonelle læraren

Læringsutbytteformuleringar og arbeidskrav er skildra i plan for praksis og i emneplanar for praksis.

Vurdering av praksis

Praksisskulane har på lik linje med høgskulen eit ansvar for å hjelpe studenten i utviklinga av profesjonskompetanse gjennom praksisopplæringa. Læringsutbytteformuleringar og arbeidskrav er skildra i emneplanar for praksis, og dette er grunnlaget for vurdering av studenten i praksis. Praksis vert vurdert som greidd/ikkje greidd. Greidd praksisopplæring er eit krav for å få vitnemål.

Arbeidsformer

Det skal vere progresjon i arbeidsformene frå å bidra til at studenten har, kan gjere greie for og bruke kunnskap til at studenten kan vise kritisk refleksjon, analyse, metakognitiv kompetanse og sjølvstende. Utdanninga tilbyr undervisning basert på relevant og aktuell forskning, fagleg utviklingsarbeid, erfaringskunnskap og legg opp til progresjon i studenten si kompetanseutvikling. Studenten får øving i å stille kritiske spørsmål, søke fagkunnskap, kunne kritisk vurdere, gjere nytte av og vidareformidle kunnskap både munnleg og skriftleg. Studenten får erfaring med varierte undervisningsformer og læringsaktivitetar som integrerer fag, fagdidaktikk og praksis. Slik oppnår studenten heilskap og samanheng i studiet. Undervisning og arbeidsformer speglar og bidrar til å utvikle dei læringsperspektiva som læreplanverket for grunnskulen formidlar. Arbeidsformer og progresjon i desse går fram av emneplanane og arbeid med tverrfaglege tema.

Vurderingsformer

Vurderingsformene i grunnskulelærerutdanninga ved HVL er lagt opp slik at studenten får vurdering i fag og praksis. Gjennom kvalitetssikringssystemet vil HVL sikre progresjon og varierte vurderingsformer gjennom heile studieløpet, i - og mellom fag og semester. Vurderingsformene er tilpassa dei overordna læringsutbytteskildringane studenten skal ha nådd ved fullført utdanning, i tillegg til varierte og studentaktive læringsformer i studiet. Progresjonen i vurderinga er sikra gjennom vurderingsordningar som er tilpassa læringsutbytteformuleringane slik dei er omtala i syklus 1 og syklus 2 i emneplanane og i programplanen. Vurderingsordningane er også tilpassa studenten si profesjonelle utvikling i lærerutdanningsfaga.

Som ein del av profesjonsutdanninga skal studenten utvikle vurderingskompetanse, og dei vurderingsformene dei sjølv møter er ein del av grunnlaget for ein slik kompetanse. Derfor skal dei møte varierte vurderingsordningar og vurderingsformer slik dei blir praktiserte i skulen. Studenten skal øve opp eigenvurdering og erfare vurdering frå medstudentar. Gjennom studiet skal studenten utvikle evne til å ta i mot og gi rettleiing.

Vurdering omfattar all formell prøving, det vil seie både vurdering undervegs, til dømes gjennom obligatoriske arbeidskrav og praksis, og sluttvurdering, som skriftleg, munnleg og praktisk-metodisk eksamen. Vurderingsordningane går fram av den einskilde emneplan.

Obligatorisk prøve i skriftlege kommunikasjonsferdigheiter, bokmål og nynorsk, for dei som ikkje har valt undervisningsfaget norsk må vere greidd for å få godkjend vitnemål.

Det vert kravd greidd nasjonal deleksamen i matematikk for å få vitnemål.

Det vert nytta bokstavkaraktarar A-F, der A er beste ståkarakter og E dårlegaste ståkarakter. F er strykkarakter. Det vert også nytta karakterane greidd / Ikkje greidd.

Lenke til: [Forskrift om studium og eksamen ved HVL](#)

Arbeidskrav

Arbeidskrava speglar vurderingsformene og er varierte og tilpassa læringsutbytteformuleringane. Emneplanane skildrar arbeidskrav og vurderingsform. Obligatoriske arbeidskrav må vere godkjende før studenten får gå opp til eksamen, og vurderinga er godkjend/ikkje godkjend. Studenten har to forsøk på å få godkjend eit arbeidskrav dersom ikkje anna er nemnt i emneplanen. Obligatorisk frammøte kjem fram av den einskilde emneplan og er oppgitt i prosent. Alle obligatoriske arbeidskrav i eit emne må vere godkjende før studenten kan framstille seg til eksamen. Konkretisering av arbeidskrava vil ein finne i undervisningsplanane for kvart semester.

Skikkavurdering

Skikkavurdering skal avdekke om studenten har dei naudsynte føresetnadene for å kunne utøve yrket. Ein student som utgjer ein mogleg fare for liv, fysisk og psykisk helse, rettar og sikkerheit til dei elevar eller andre studenten vil kome i kontakt med under praksisstudia eller under framtidig yrkesutøving, er ikkje skikka for yrket. Kontinuerleg skikkavurdering av alle studentar skal gå føre seg gjennom heile studiet og skal inngå i ei heilskapsvurdering av studenten sine føresetnader for å kunne fungere i yrket. Dersom det er grunnlagt tvil om ein student er skikka, skal det gjerast ei særskilt skikkavurdering. Forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming gjeld ved særskilt skikkavurdering. Studenten får informasjon om institusjonen sine reglar for om ein student er skikka. Sjå lenker til følgjande lovverk:

- [Forskrift om skikkavurdering](#)
- [Rundskriv F-07-1 forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning](#)
- [Skikkavurderingsnemnd HVL](#)

Krav til studieprogresjon

Studenten må ha greidd praksis på eit årstrinn før studenten kan halda fram med studiet på neste årstrinn. Det kan gjerast unntak frå denne regelen dersom studenten på grunn av godkjent fråvær manglar noko praksis, og fullføringa av praksis kan gjennomførast i byrjinga av påfølgjande studieår.

Andre krav til studieprogresjon framgår av [Forskrift om studium og eksamen ved HVL](#) og emneplanar.

Internasjonalisering

Lærerutdanningsinstitusjonane har eit ansvar for å sikra at internasjonalisering er ein integrert del av grunnskulelærerutdanninga. Gjennom internasjonal studentutveksling i ein praksisperiode eller i eit fag vil studenten få innsikt i og betre forståing for andre kulturar og verdier. Dette vil kunne fremje studenten sin kunnskap og kompetanse i medborgarskap og det fleirkulturelle samfunnet. Institusjonen vil oppfordre og legge til rette for studentutveksling. Det er lagt til rette for utveksling i syklus 1 og 2. Hovudvindaugget for internasjonalisering er i 6. semester og er for mange knytt til masterfaget for å gjere internasjonalisering til ein ein meir integrert del av utdanninga. Modellen

opnar også for utveksling i andre fag og semestre. Det er dei respektive fagmiljøa som, saman med studieprogramansvarleg, har hovudansvaret for at masterfaga utviklar internasjonale kontaktar innan forskning og utdanning.

Utdanninga vil også kunne bidra til å møte dei nasjonale føringane om tettare kopling mellom undervisning, forskning og internasjonalisering. Studenten får tilbod om utveksling i nokre av dei same miljøa som fagtilsette har internasjonalt forskarfelleskap med. Dette vil også kunne legge til rette for auka lærarutveksling til dei same institusjonane som studenten har utveksling til. Høgskulen på Vestlandet har i dag mange avtalar med internasjonale studieplassar over heile verda. Internasjonalisering kjem også fram ved internasjonale og fleirkulturelle dimensjonar i studiet, kjennskap til internasjonal utdanningspolitikk, engelskspråkleg pensum og forskingsartiklar, gjennom fagleg diskurs i internasjonale digitale arenaer og ved bruk av utanlandske gjesteforskarar/førelesarar.

VEDLEGG 1:

Faga: Kopi av omtale i Nasjonale retningslinjer for Grunnskulelærerutdanning trinn 5-10

Pedagogikk og elevkunnskap

Pedagogikk og elevkunnskap skal bidra til at studenten erfarer progresjon, helhet og sammenheng i møtet mellom praksis, fag og pedagogikk. Pedagogikk og elevkunnskap støtter seg på opplæringslovas formålsparagraf og lærerprofesjonens etiske plattform. Faget har et overordnet ansvar for at studentene utvikler en læreridentitet som hviler på sentrale profesjonsetiske prinsipper, slik at de som lærere kan bidra til kontinuerlig utvikling av en mangfoldig og inkluderende skole.

Fagets kjerne omfatter hvordan oppdragelse og undervisning kan bidra til elevenes faglige, sosiale og personlige læring og utvikling. Gjennom faget skal studenten forberede seg til å håndtere de utfordringer og muligheter som ligger i et mangfoldig klasserom. For å styrke lærerkompetansen i et flerkulturelt og flerreligiøst samfunn, utgjør emner knyttet til religion, livssyn og etikk en integrert modul i faget. Faget skal også bidra til å kvalifisere studenten for å ivareta opplæring om samiske forhold, samiske barns rettigheter og det samiske folket som anerkjent urfolk.

Pedagogikk og elevkunnskap skal gi studenten forståelse av lærerens og skolens rolle i samfunnet. Det er et kulturfag som knytter historie, kultur, livssyn og politikk sammen med ulike perspektiv på oppdragelse, utdanning og dannelse. Kunnskap om skolen som organisasjon og samfunnsinstitusjon står sentralt. Studenten skal ruste seg til kritisk å analysere de utfordringer samfunn, kultur, livssyn og politikk representerer for lærerrollen og skolens virksomhet. Sentralt i faget er å gi studenten innsikt i skolens mandat og oppgaver og det normative og kunnskapsmessige grunnlaget for lærerens virksomhet.

Sentralt i faget er også å lære å bygge et konstruktivt og inkluderende læringsmiljø for elevene. Dette krever innsikt i både lærerarbeidets forpliktelser og en inngående forståelse av den betydning det didaktiske møtet mellom elev, lærer og lærestoff har for elevenes sosiale og faglige læring og utvikling. I samarbeid med de andre faga i utdanningen skal pedagogikk og elevkunnskap utvikle studentenes relasjonelle ferdigheter på en slik måte at de er i stand til å møte elever, foresatte og kolleger med faglig og mellommenneskelig kompetanse.

Sammen med de andre faga i utdanningen skal pedagogikk og elevkunnskap også bidra til at studenten forstår betydningen av den rolle de grunnleggende ferdighetene spiller i elevenes læring, og hvordan utvikling av kompetanse i å lære, kommunisere, samhandle, utforske og skape kan bidra til å forme framtidens skole.

Faget skal bidra til at studenten utvikler innsikt i vitenskapelige tenkemåter, og dermed kompetanse til å gjennomføre systematiske FoU-prosjekt.

Engelsk

Engelsk har en unik stilling som verdensspråk og gir oss anledning til å delta i det globale fellesskapet. Vi trenger engelsk i utdanning, arbeidsliv og fritid og for å utvikle mellommenneskelig kommunikasjon og forståelse i en verden i stadig endring. Engelsklærerens hovedoppgave er derfor å utvikle både sin egen og elevenes språklige, kommunikative og interkulturelle kompetanse.

Engelsk er et språk-, kultur-, og litteraturfag. Engelsklærere skal legge til rette for engelskundervisning i tråd med relevant forsknings- og utviklingsarbeid og gjeldende læreplan. Engelsklærerne må være trygge språkmodeller i klasserommet og ha innsikt i egne læringsstrategier. De må kunne lede læringsarbeidet i faget til beste for en mangfoldig elevgruppe, fra elevene starter på 5. trinn til de blir mer selvstendige språkbrukere mot slutten av barnetrinnet og på ungdomstrinnet. Dette innebærer at lærerstudentene gjennom engelskstudiet skal få innsikt i hvordan de grunnleggende ferdighetene er en integrert del av arbeidet med faget. Engelsklærerne må ha solid kunnskap om hvordan barn og unge tilegner seg språk og hvordan faget kan tilpasses aldersgruppen. De må også ha kunnskaper om det engelske språkets strukturer og om hvordan engelskspråklige tekster og andre kulturelle uttrykk kan benyttes for å fremme elevenes språkutvikling, nytenkning og evne til kritisk refleksjon.

Kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE)

Kunnskap om religionar, livssyn og etikk er viktig for å forstå individ og samfunn, historisk og i dag. Det norske samfunnet er pluralistisk, og kunnskap om livssynsmangfoldet, ulike verdissyn, sekularisering, migrasjon og globalisering står sentralt i skule- og studiefaget. Samstundes har kristen tru og tradisjon i særleg grad prega norsk kultur og har difor ein sentral plass i faget. KRLE i GLU er eit dannelsesfag og legg eit særskilt grunnlag for arbeidet med skulens verdigrunnlag og samfunnsoppdrag slik dette kjem til uttrykk i føremålsparagrafen åt skulen.

Studiefaget har fire hovudområde: fagdidaktikk, kristendoms-kunnskap, religions- og livssynskunnskap, etikk og filosofi. Fagdidaktiske perspektiv inngår òg i alle hovudområda, og etikk og filosofi er samstundes tverrgåande. Faget bygger på tema og perspektiv frå vitenskapsområde som religionsvitenskap, teologi, filosofi og idéhistorie, pedagogikk og estetiske fag. Samstundes er studiefaget tufta på fagdidaktisk forskning og tverrfagleg tenking som ligg nært til læraren sin profesjonspraksis. KRLE-lærarane skal såleis kunne legge til rette for undervisning i tråd med ulike typar relevant kunnskap og læreplanen i grunnskolefaget.

Undervisninga skal presentere religionar og livssyn sakleg og med respekt for eigenarten deira, men òg med kritiske perspektiv. Studenten skal utvikle høveleg vurderings- og handlingskompetansane for møtet med elevar på trinn 5–10 i skulen. Faget skal stimulere til refleksjon over fagstoffet og egne livstolkningar og vere kulturoppnande. Det skal i særleg grad kunne fremje dialog og toleranse, noko som føreset fagkunnskap, analytiske tilnærmingar, empati og samarbeidsevne.

Ein KRLE-lærar må kunne forstå den faglege ståstaden åt eleven og vere gode samtalepartnerar i spørsmål om religion, sekulære livssyn, etikk og filosofi. Læraren må kunne velje ut fagstoff og oppgåver som fremjar kompetanse på dette området. Som framtidige KRLE-lærarar skal studentane sjølve arbeide orienterande og kritisk, men òg utforskande og kreativt, og med det oppnå kompetanse i å undervise og leie læringsprosessar i dette faget.

Utdanningsinstitusjonane må vurdere vektinga mellom dei tre første hovudområda i KRLE 1 i høve til vektinga i skulen sin læreplan. I KRLE 2 kan ein ut frå lokale omsyn vekte annleis, men alle hovudområda må vere rimeleg godt dekte. I GLU 5–10 er det naturleg å sjå KRLE 1 og 2 i samanheng. Ein må vere merksam på skilnaden og samanhengen mellom KRLE-faget og fagstoffet i modulen religion, livssyn og etikk i PEL-faget.

Kroppsøving

Faget kroppsøving for grunnskolelærerutdanning trinn 5–10 skal kvalifisere for undervisning i kroppsøving fra 5. trinn og ut grunnskolen.

Undervisningen i faget skal være integrert, forskningsbasert og profesjonsorientert. Den tar utgangspunkt i kroppsøving som et allmenndannende fag og skal være knyttet til praksisfeltet. Faget skal gi studenten faglig, pedagogisk og fagdidaktisk kompetanse til å arbeide ut fra gjeldende læreplan, utvikle faget i framtida og ivareta de kroppslige dimensjonene ved det å være menneske.

Studenten skal tilegne seg kunnskap om og erfaring med undervisning i ulike bevegelsesmiljø som er relevant for trinn 5–10. Kunnskap om hva som fremmer kroppslig læring, positiv selvforståelse, helse og bevegelsesglede er sentralt. Faget skal styrke profesjonsidentitet og studentenes arbeid med mangfold og forskjellighet i skolen. Undervisningen skal utvikle studentens lærerkompetanse, individuelt og i samarbeid med andre.

Kunst og håndverk

Kunst og håndverk i grunnskolen er et allmenndannende fag som gjennom ulike estetiske læreprosesser skal gi elevene muligheter for å tilegne og nyttiggjøre seg de visuelt og fysisk sansbare ytringsformene som representerer vår kulturarv. Faget i lærerutdanninga omfatter design, kunst og arkitektur. I spennet mellom praktisk skapende arbeid, profesjonspraksis, fagteori og gjeldende læreplaner, legges det særlig vekt på at sammenhengene blir tydelige mellom egen faginnsett og kompetanse i å planlegge, gjennomføre og vurdere i skolefaget kunst og håndverk.

Faget skal gi grunnleggende forståelse av læring i praktiske, utforskende og sansbart kommuniserende fagområder. Det kulturelle mangfoldet skal bli møtt med åpenhet i fagets skapende og kunstneriske ytringsformer. Kunnskap om fagets identitetsskapende karakter skal ivareta de kulturelle erfaringer studenter og elever bringer med seg. På tvers av landegrenser skal faget ta opp i seg kulturenes ytringsformer både i fortid og samtid. Faget skal gi innsikt i forholdet mellom kvalitet og forbruk, natur og kultur, og kunne bruke sin egenart som bindeledd i samarbeid på tvers av fag. Gjennom praktisk skapende arbeid og refleksjon, vil studenten utvikle kunnskap om didaktiske muligheter som ligger i håndverksmessige og kunstneriske språkformer. Faget skal fremme studentens kritiske bevissthet og vilje til å være en aktiv medskaper av kultur i vår samtid. Arbeidet skal på alle nivå omfatte forskningsbasert kunnskap og erfaring knyttet til de aktivitets- og erkjennelsesformer vi finner i faget, i gjeldende læreplaner for grunnskolen og i praksisfeltet.

Kunnskap om elevenes livsverden, uttrykks- og læringsformer skal bidra til at studenten utvikler evner til elevaktive, undersøkende arbeidsmåter som stimulerer til faglig oppfinnsomhet, problemløsning, mestring, gjennomføringsevne og bærekraftig miljøtenkning. Studenten skal etter fullført utdanningvære fortrolig med grunnleggende ferdigheter i faget, og kunne arbeide gjennomtenkt og ansvarlig med planlegging og tilpassing for elevenes læring.

Matematikk

Matematikklærere skal legge til rette for matematikkundervisning i tråd med relevant forskning og gjeldende læreplan. Studiet er erfaringsbasert og forskningsbasert, det innebærer solid tilknytning til praksis. Matematikklærere må kunne analysere elevenes matematiske utvikling, være gode matematiske veiledere og samtalepartnere, kunne velge ut og lage gode matematiske eksempler og oppgaver som fremmer alle elevers matematiske kompetanse, kreativitet og positive holdning til matematikk. Som framtidig matematikklærer skal studenten selv arbeide utforskende og kreativt med faget.

Matematisk språk og tenkning utvikles gjennom aktiviteter som fremmer resonnement, argumentasjon og begrunnelse. Matematikklærere må kunne gjennomføre og forstå matematiske prosesser og argumenter, og analysere forslag fra andre med tanke på holdbarhet og potensial. Studenten skal selv ha en reflektert forståelse av matematikken elevene skal lære og kunne gjøre faget tilgjengelig for alle elever.

Bruk av ulike representasjoner er nødvendig for å gjøre matematiske begrep og ideer tilgjengelige for elever. For å utvikle sin matematiske forståelse og evne til problemløsning trenger elevene å arbeide med sammenhenger og overganger mellom ulike representasjoner. Studenten skal legge til rette for elevers arbeid med ulike representasjoner.

Meningsfulle matematiske samtaler er en sentralt i utviklingen av matematisk forståelse. Gjennom samtale og diskusjon kan lærere inkludere alle elever i matematisk resonnering og argumentering, stimulere til kritisk matematisk tenking og drøfte matematikkens rolle i samfunnet. Studenten skal legge til rette for meningsfulle matematiske samtaler med og mellom elever.

Lærere skal invitere elever til å dele sin matematiske tenking, lytte til og vurdere denne med tanke på utvikling av matematisk kompetanse. Det skal legges til rette for undervisning ut fra elevenes ulike behov, der ulik kulturell, språklig og sosial bakgrunn både tas hensyn til men også ses som ressurs i undervisningen. Som

framtidig matematikklærer skal studenten støtte elevene i deres tro på seg selv og at en gjennom hardt arbeid, individuelt og kollektivt, utvikler forståelse av matematiske ideer og sammenhenger.

Mat og helse

Faget mat og helse har en viktig samfunnsmessig oppgave i arbeidet med å fremme god helse og sosial trivsel og utjevne sosiale ulikheter i helse blant barn og unge. Lærere i faget skal legge til rette for undervisning i mat og helse i tråd med relevant forsknings- og utviklingsarbeid og med gjeldende læreplan. Skolen utgjør et betydningsfullt matlandskap for elevenes matdanning og inkluderer både faget mat og helse og skolemåltidet. Lærere i mat og helse vil også være en ressurs for skolens arbeid med mat og måltider.

Faget mat og helse i grunnskolelærerutdanningen er et praktisk og estetisk fag som skal gi faglig og didaktisk grunnlag for å kvalifisere studenten til å undervise i mat og helse i grunnskolen. Opplæringen i faget skal være profesjonsorientert og innovativt og bygge på forskningsbasert kunnskap og praktisk erfaring. Gjennom studiet skal studenten utvikle kompetanse i helsefremmende, kulturelle og miljømessige aspekter ved faget med vekt på folkehelse og livsmestring, bærekraftig utvikling og det flerkulturelle samfunn. Videre skal studenten se fagets muligheter for tverrfaglig samarbeid og for estetisk erfaring gjennom matopplevelser. Studiet har fokus på pedagogisk og fagdidaktisk kompetanse gjennom didaktiske refleksjoner og varierte arbeidsformer. Gjennom tilegnelse av praktiske ferdigheter i matlaging får studenten kompetanse i å lage trygg mat og i å bruke arbeidsmetoder som fremmer elevenes undring, skapende evne, motivasjon og evne til å arbeide systematisk med faglige problemstillinger. Medvirkning og refleksjon gir faget mulighet for dybdelæring og progresjon.

Faget skal gi studenten kunnskap om hvordan måltidene er en del av vår danning og hvordan måltidene bidrar til å utvikle sosial og kulturell kompetanse. Studentene skal tilegne seg faglig, pedagogisk og fagdidaktisk kompetanse for å gjøre elevene i stand til å opptre som ansvarlige forbrukere på matområdet og til å foreta helsefremmende kostholdsvalg. Opplæringen i mat og helse skal forberede studenten til en lærerrolle som fremmer læring og utvikling av fagkompetanse, og som bygger på de grunnleggende ferdighetene som inngår i fagets kompetansemål. Den skal videre gi studenten faglig og fagdidaktisk kompetanse til å arbeide ut fra gjeldende styringsdokumenter og utvikle faget for fremtiden. Studentene skal også tilegne seg kompetanse til å undervise i valgfag som bygger på mat og helse.

Musikk

Musikkfaget i grunnskolen har som mål å gi alle elever musikkopplæring slik at de kan ta aktivt del i musikk gjennom musisering, komponering og lytting. I musikkstudiet i lærarutdanningene for grunnskolen er det derfor lagt vekt på å skape en god sammenheng mellom lærarstudenten si eiga musikalske utvikling, og fagdidaktisk kompetanse i å planlegge, gjennomføre og vurdere musikkundervisning.

Faget skal gi grunnleggende innsikt i musikk som eit utøvande, skapande og lyttande fag, estetiske læringsprosesser og kreativitet, den norske og internasjonale musikkarven, i musikk som fleirkulturelt samfunnsfenomen og i musikk som identitetsskapande uttrykksform. Det skal gi grunnlag for studentane si allmenne danning og faglege vekst og gi dei opplæring i å kunne ta aktivt del i kultur-, skule- og fagutvikling i sitt framtidige yrke. Arbeidet med faget skal på alle nivå omfatte forskningsbasert kunnskap og erfaring knytt til dei aktivitets- og erkjenningsskjemaene vi finn i musikkfaget i gjeldande læreplanar for grunnskolen og i praksisfeltet. Studiet skal gi grunnlag for musikkfagleg samarbeid med andre fagområde og instansar utanom skulen. Utvikling av dei utøvande, personlege og kunstnarlege sidene ved musikkfaget krev øving og modning over lang tid og er derfor sentrale på alle nivå.

Faget skal gjere studentane fortrulege med progresjon i musikkfagleg læring, musikalsk ungdomskultur, media og teknologi, og med vidareutvikling av grunnleggende ferdigheiter og kompetansar, slik desse er utforma i gjeldande læreplan for musikk i grunnskolen. Faget skal utvikle studenten si evne til kommunikasjon og personlege uttrykk.

Naturfag

Naturvitenskap og teknologiske nyvinninger har vært og er en grunnleggende forutsetning for utviklingen av vår sivilisasjon. Naturfaget skal legge grunnlag for å se naturvitenskapens verdensbilde som et kulturprodukt, der observasjoner, eksperimenter, drøftinger og teorier gradvis endrer vår erkjennelse. Vi står i dag overfor utfordringer i samfunn og miljø der kunnskap i naturvitenskapsfaga vil være avgjørende både nasjonalt og globalt. Utdanning for bærekraftig utvikling krever grunnskolelærere som har kunnskaper om både lokale og

globale miljø og klimautfordringer. De må kunne tilrettelegge for læring som fremmer elevenes naturglede og ansvarsfølelse, som etter hvert utvikles til kunnskap og engasjement for miljøet. Faget skal vise at naturvitenskapelige og teknologiske vurderinger er basert på etiske verdier og idealer.

Naturfaget skal gi faglig og fagdidaktisk grunnlag for å undervise i naturfag på grunnskolens trinn 5–10. Utdanningen skal være knyttet til praksisfeltet og gi studenten grunnlag for på egen hånd og i samarbeid med andre, å utvikle sine kunnskaper og arbeidsmåter. Utdanningen skal gi studenten erfaring med grunnleggende ferdigheter, varierte arbeidsformer, og didaktisk refleksjon som kopler forskning, teori/fag og praksis. Som framtidige naturfaglærere, skal studentene også utvikle bevissthet og kunnskap om hva de sentrale ideene i og om naturvitenskap er, og hvordan de gradvis kan bygge forståelse av disse ideene hos elever på mellom- og ungdomstrinnet. Utdanningen skal gi studenten kunnskap om naturfag og naturvitenskapens metoder og tenkemåter. En viktig del av å tenke vitenskapelig er å forstå størrelsesordener i naturen, både fysiske størrelser og tidsskalaene til fenomen. Prinsippene om utforskende arbeidsmåter står sentralt, spesielt med tanke på samfunnets framtidige behov for innbyggere med økt kreativitet og evne til innovasjon, problemløsning og kritisk tenkning. Studenten skal gjennom utdanningen, få forskningsbasert kunnskap om utforskende undervisning og læring og ferdigheter i hvordan en kan arbeide utforskende med elever på mellom- og ungdomstrinnet.

Det blir lagt vekt på forskningsbasert kunnskap om elevenes faglige utvikling på mellom- og ungdomstrinnet. Grunnskolelæreren skal kunne ta utgangspunkt i elevenes hverdags erfaringer i planlegging av undervisning og bruke nære og lokale læringsarenaer på en slik måte at fagstoffet konkretiseres og støtter utviklingen av det naturfaglige språket. Bruk av flere læringsarenaer bidrar til variert praksis, flere naturfaglige erfaringer og bedre innsikt i naturfagas relevans for samfunnet. Grunnskolelæreren på trinn 5–10 skal kunne planlegge og gjennomføre undervisningen som et integrert fag tilpasset alle elever. Læreren skal også kunne ivareta flerkulturelle perspektiv i naturfagundervisningen og bidra til respekt for samers og andre urfolks tradisjonskunnskap om naturen og bruk av naturressurser.

Som framtidig naturfaglærer, skal studenten kunne hjelpe elevene til å utvikle forståelse av naturfaglige sammenhenger slik at faget framstår som helhetlig og med betydning i samfunnet. Det innebærer å støtte elevene i troen på seg selv og at forståelse utvikles gjennom hardt arbeid, individuelt og kollektivt.

Norsk

Lærerutdanningsfaget norsk er eit samansett og mangfaldig språk-, kultur- og litteraturfag og ein praksisarena for kvalifisert arbeid med språk og tekstar – i ulike sjangrar og modalitetar, frå fortid og samtid. Faget legg eit viktig grunnlag for kulturforståing, danning og kritisk tenking, særleg gjennom innsikt i korleis språk og tekstar formar og blir forma av kulturelle fellesskap. Norskfaget har ein historisk og nasjonal basis samtidig som allmenne og internasjonale perspektiv er sentrale for forståinga av det samfunnet vi er ein del av. Noreg er eit fleirkulturelt samfunn i endring, og norskfaget må heile tida utviklast i tråd med samfunns-utviklinga.

Som språkfag har norsk ein særeigen posisjon. Språket spelar ei grunnleggande rolle for læring, kritisk tenking og kommunikasjon. Det heng såleis tett saman med identitetsutviklinga til den einskilde språkbrukaren og med kultur- og samfunnsutviklinga gjennom historia. Samtidig er språket inngangen til aktiv deltaking i arbeidsliv og demokratiske prosessar. Gjennom arbeid med språk og tekstar skal lærerutdanningas norskfag legge grunnlaget for at studentane på kvalifisert vis kan bidra til at elevar blir trygge språkbrukarar og utviklar språk- og tekstkunnskap tilpassa trinn og alder.

Litterære tekstar går i aktiv dialog med kulturens utvikling og spenningar, livsvilkår og tenkemåtar. Både fiksjons- og saktekstar gir innsyn i kulturelle og historiske referanserammer og innbyr til refleksjon og kritisk tenking. Skjønnlitteratur har på same tid eit særleg potensial for styrking av førestellingsevne og empati. Arbeid med tekstar i ulike medium og sjangrar og frå estetiske, kommunikative, kulturelle og historiske perspektiv skal legge grunnlaget for gode tekstval og fagleg litteraturarbeid som innbyr elevar på trinn 5–10 både oppleving og tolking, nyskaping og kritisk refleksjon.

Å lytte og tale, lese og skrive, sjå og vise er sentrale aktivitetar i all kommunikasjon og læring. Norskfaget gir og spesialisert kunnskap om slike prosessar og rikeleg høve til å praktisere dei i fagleg arbeid. Studentane skal vidareutvikle evna til å vurdere og diskutere egne og andres tekstar og til å bruke relevante tekstar og medium i fagleg arbeid. Dei skal lære å forstå korleis elevar på trinn 5–10 vidareutviklar grunnleggande tekstkyndigheit, og dei skal rustast til fagspesifikk undervisning i lesing, skriving og munnleg aktivitet tilpassa elevar med ulik bakgrunn og varierende ferdigheiter.

Studentane skal vurderast i bokmål og nynorsk. For reglar om fritak, sjå forskrift §5.

Samfunnsfag

Samfunnsfaget har samfunnsbyggjande ambisjonar. Studium av samfunn skal hjelpe menneska til å finne fotteste og orientere seg i verda, i det nære, i det fjernare og globale, i fortid, i notid og i framtid. Gjennom å tileigne seg kunnskap og myndiggjering skal studentane utvikle evna si til kritisk refleksjon, resonnement og argumentasjon og utvikle verdiar og haldningar som mangfaldige og demokratiske samfunn treng. Slike samfunn må mellom anna ha menneske som tek initiativ, undersøker sjølv, kan samarbeide og ta ansvar. Samfunnsfaget har såleis ambisjon om å hjelpe studentane til å vekse som sjølvstendige og aktive deltakarar i skulen og samfunnet.

Lærarutdanningsfaget samfunnsfag skal førebu studentane til profesjonsrolla som samfunnsfaglærer for 5.–10. klassetrinn, med særleg vekt på å vidareutvikle grunnleggande ferdigheiter og kompetansemål. Gjennom ulike læringsstrategiar skal studenten utvikle ei lærarrolle som er med og fremjar elevane si interesse for faget. Studenten skal kunne legge til rette for deltakande og handlingsorientert læring. Studenten skal tileigne seg kompetanse i å utforske, skape, kommunisere, samhandle og delta og å leie læringsprosessar som introduserer elevane for samfunnsvitskaplege tenkemåtar. Studenten skal også utvikle kompetanse i bruk av ulike typar kjelder og forståing for kva kjeldekritikk har å seie for kritisk tenking.

Samfunnsfagsstudiet i grunnskulelærarutdanninga byr på ei balansert fordeling mellom geografi, historie og samfunnskunnskap. Geografien opnar for å gripe samanhengar mellom det lokale og det globale. Studentane får øve opp forståinga av det romlege perspektivet: stad, retning og avstand. Gjennom observasjon, kartlegging og refleksjon, tek faget dei med på leiting etter romlege mønster og samanhengar mellom natur og samfunn og korleis desse påverkar kvarandre gjennom like og ulike endringsprosessar. Historie skal gi studentane oversikt over ulike historiske periodar for å gi innsikt i korleis samfunn har forandra seg over tid. Faget skal gjere dei i stand til å drøfte ulike vilkår og forklaringar på forandring og kontinuitet. Historie handlar også om korleis vi arbeider med historiske kjelder, formar forteljingar om og forståingar av fortida og korleis vi brukar historie i notida. Samfunnskunnskap skal gi studentane innsikt i korleis menneske skaper ulike former for samhandling i form av sosiale nettverk, organisasjonar, institusjonar og samfunn. Sentralt er også kva fordeling av ressursar og makt har å seie for sosial ulikskap, ekskludering og konflikt. Samfunnskunnskap handlar dermed særleg om vilkår for demokrati, medborgarskap og det å høyre til.

Profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk

Profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk skal saman med Pedagogikk og elevkunnskap bidra til å gi studentane utvida kunnskap om det pedagogiske og spesialpedagogiske området som grunnlag for eiga undervisning og refleksjon over sentrale pedagogiske problemstillingar med særskilt relevans for elevar på 5. til 10. trinn. Faget skal også utgjere grunnlaget for ei pedagogisk eller spesialpedagogisk retta mastergrad innanfor grunnskulelærarutdanninga 5–10.

Faget skal vere retta mot skulen og lærarar som står i ein inkluderande og mangfaldig undervisnings-, lærings- og samspelsituasjon. Profesjonsretta pedagogikk eller spesialpedagogikk skal vere undervisningsretta og bidra til at studentane får brei innsikt i profesjonsretta pedagogikk og/eller spesialpedagogikk. Samstundes skal faget gi studentane høve til å gå i djupna på eit avgrensa pedagogisk eller spesialpedagogisk område med stor relevans for sentrale utfordringar for arbeidet med denne aktuelle elevgruppa i skulen.

Retningslinjene for faget er definert på eit ope og overordna nivå, slik at institusjonane vil ha høve til å profilere utdanninga mot sine egne spesialområde, innafor dei overordna rammene for faget. Denne profileringa kan til dømes dreie seg om breie spesialpedagogiske emne, digital kompetanse, migrasjonspedagogikk, estetiske læreprosessar, læremiddelpedagogikk, rettleiingspedagogikk, generell didaktikk. Institusjonane må operasjonalisere si profilering i egne læringsutbyteskildringar for faget.